

# UL Sambygdingen

## Styrets beretning 2024

Styret blei gjenvaald på årsmøtet 22. januar 2024.

Styret har bestått av:

- Styreleiar: Jan Magne Fosse (1 år, er på valg)
- Nestleiar: Mailin Bergås Hatten (2 år, er på valg)
- Kasserer: Trond Mathiassen. Litleskare (2 år, er på valg)
- Revisor: Petter Hogne Fosse (2 år, er på valg)  
Astrid Myklebust (2 år)
- Styremedlemmer:  
Thomas Sandvik (2 år, på valg)  
Erik Fosse (2 år)  
Mette Hjelvin (2 år)
- Vara:  
Øystein Johansen  
Tore Vegard Fosse  
Kjersti Mathiassen Litleskare (Også leder Basar komiteen)

Det har vore gjennomført 4 styremøter. Styret har arbeid godt gjennom året, og me har fått gjennomført fleire svært vellykka arrangement med godt oppmøte, på hausten var det dessverre nokre arrangement som måtte avlyst

### Huset

I sommar la "Majo" nytt tak på vest sida av huset, så no har me tett tak igjen. Tak til dugnadsgjengen som tok ned det gamle taket. Det sparte UL for 25.000 kroner.

Me hadde den tradisjonelle vårdugnaden, takk til dei som stilt opp på den. I tillegg til vårvask, og opprydding i og rundt huset, fekk me sett ny dør i skuret vest om huset.

Me fekk feil på oppvaskmaskina, og har hatt reparatør og reparert den.

### Myra

Per Ove Fosse og Bjørn Nygård har tatt et initiativ for å utbetra myra. Dei har sendt førespurnad til kommunen for å få støtte derifrå, men me har ikkje fått noka tilbakemelding.

### Nettsida

Nettsida fungera godt, og er tidvis godt besøkt. Den har sannsynlegvis også ført til meir utleige av huset, da me har blitt meir synleg for dei som er på jakt etter lokale. Nettadressa er:

[www.sambygdingen.no](http://www.sambygdingen.no)

### Nettstasjon ved myra

I vår signerte me avtale med BKK der dei fekk høve til å setja opp ein nettstasjon heil sør på området vårt på aust sida av vegen. Denne har no kommen opp, og dei er snart ferdig med arbeidet der.

Me kan ikkje utan skriftleg løyve frå nettselskapet byggja nærrare nettstasjonen enn 5 meter. Me kan parkera framfor nettstasjonen så lenge det er mogleg å opna døra. Det blei betalt 25.000 til UL for å få sette opp nettstasjonen.

# UL Sambygdingen

## Arrangement

### Bygdepub

Gruppa har bestått av 5 personar

Tomas Sandvik, Tore Vegard Fosse, Rebekka Lødtvedt Fosse, Sølve Bergås og Trond Mathiassen Litleskare. I tillegg har me hatt god hjelp av Kjersti Mathiassen Litleskare under gjennomføring av arrangement.

Da vart arrangert påske pub med Quiz den 27.03 med veldig god oppslutning det var spesielt kvissen gjennomført av Trond som drog folk og må kunna seiast å vera ein suksess.

17 mai arrangerte me som året før bygdepub med underhaldning og musikkbingo gjennomført av Vibosch. God oppslutning og bra sal i kiosken.

Det var også planlagt ein pub laurdag 9.11.2024 men denne vart avlyst etter manglande svar på skjenkeløyve. Bygdepub gruppa har hatt da veldig kjekt i arbeidet men me har hatt litt utfordringar med å få tak i folk som har hatt høve til å vera med som vakta under arrangementa.

I 2025 er det planlagt å arrangera bygdepub/dans under Alversund dagane i slutten av Mai. Det har vore diskutert om det skal lagast eit arrangement på 17 mai der det har komma fram forslag om grand prix fest som vert avhalde denne kvelden. Dette skal diskuterasa litt nærmare på møte i gruppa og loddha litt interesse for arrangementet. Det er også intensjonen å gjennomføra ein bygdepub i vår og ein i haust.

## Basar/Loppemarknad

### Basar

Basar vart gjennomført søndag 7 april. Det kom mykje folk slik at ein måtte setja fram fleire stolar og bord. Ungdomslaget fekk mange utruleg fine gevinstar, både frå bedrifter og privatpersonar. Takk til arrangementskomiteen. Basaren er den viktigaste inntektskjelda til drifta av laget

### Loppemarknad

Loppemarknad vart dessverre sett litt seint på året i 2024, faktisk så seint som siste helga i november. Dette var midt i julebordssesongen og juleavslutningar, noko som nok var ein medverkande til at det vart litt mindre besøkt dette året enn i 2023. Loppemarknaden får veldig mange gode tilbakemeldingar så dette tek me lærdom av og tek det med i planlegginga av loppemarknad i 2025

# UL Sambygdingen

Kurs/Kultur

## Bygdakafe

Hausten 2024 har Kurt, Arne, Unni, Irene, Yngve og Johan stått i bresjen for å arrangera eit samlingspunkt for folk i bygda. Det vart derfor planlagt bygdakafe 1 september, 13 oktober, 10 november og 8 desember. Alle vart gjennomførte utanom 13 oktober. Dette har vore eit populært arrangement og har samla sambygdingar for eit lite foredrag, allsong, ein prat med gode naboar og dessutan moglegheit for å kjøpa seg ein kopp kaffi/te og noko å bita i.

## 17. Mai feiringa

Morgonprosesjonen starta ved bedehuset, og tok eit lite stopp ved bautaen for diktlesing. Frå ungdomshuset vart prosesjonen leia av ein veteranbil med korpsmusikk på anlegg, noko me håpar kan verta ein ny tradisjon!

Det var sol og fint vær, og mange vart med i morgonprosesjonen.

Den tradisjonelle 17.mai-festen gjekk som vanleg av stabelen om ettermiddagen, og det var kjekt å sjå kor mange som kom. Kai Olav Kvamme var festleiar, og Jan Yngve Kvamme festtalar.

17.-maikomiteen takkar alle som hjalp til med denne feiringa!